



Silje Johnsen  
Nordrevegen 7  
5363 Ågotnes

Dato: 25.11.2016  
Vår ref.: 2015/6388-68  
Saksbehandlar: elsaaro1  
Dykkar ref.:

## Tilskot - mastergradsoppgåve- prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse - Silje Johnsen

Viser til motteken søknad 21. oktober 2016 om masterstipend knytt opp mot prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland, utlyst for studentar ved Høgskulen i Bergen. Tilskotet til masterstipend inngår som eit verkemiddel i arbeidet med auka kunnskapsinnhenting i prosjektet.

Vi har den glede å gje melding om at du vert tildelt kr 20 000.- som eingongssum. Midlane skal nyttast til å utvikle masteroppgåva di, og til innsamling av data i tråd med innsendt prosjektskildring knytt til prosjekt *nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland*. Arbeidet er knytt opp mot pågående prosjekt i Stord kommune.

Problemstillinga for oppgåva er: «*Hvordan påvirker opplevelse av boligstandard sosial deltagelse i nærmiljøet?*» Oppgåva skal utforske korleis oppleveling av eigen bustad har innverknad på deltaking i nærmiljøet. Gjennom intervju vil ein få kunnskap om korleis nokre innbyggjarar opplever bustaden, og kva det har å seie for deira liv. Dette er relevant kunnskap for nærmiljøprosjektet.

Oppgåva tek utgangspunkt i det pågående prosjektet til Stord kommune. Det er ønskjeleg sett fra Stord kommune at oppgåva fokuserer enda meir på bamiljøet, då oppleveling av bustad heng saman med korleis ein oppfattar nærmiljøet. Større fokus på bamiljø vil gjere oppgåva enda meir relevant for prosjektet. Studenten må gjerne gå i dialog med Stord kommune.

I nærmiljøprosjektet er det eit mål å bidra til innovasjonsarbeid i kommunane. Særleg knytt til at oppgåva vil medverke til å hente inn kvalitativ kunnskap med vekt på deltaking/medverknadsprosessar. Nærmiljøprosjektet skal bidra til å fremje helse og redusere sosiale helseskilnader både ved å få fram kunnskap frå ulike grupper og ved medverknad som empowerment. I kva grad oppgåva vil bidra til dette avheng av utval av informantar. Studenten planlegg å bruke prosjektgruppa sine medlemmer til å finne informantar. Dette er eit godt utgangspunkt for å få nyttig informasjon.

Tema for oppgåva vert vurdert som relevant for dei fleste lokalsamfunn. Det er mykje sannsynleg at oppgåva kan bidra med nyttig kunnskap. Vurderinga vår er derfor at oppgåva også vil ha relevans for andre kommunar.

### Vilkår for tilskotet

Innretning på masteroppgåva må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad/prosjektskisse. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot

skal betalast attende snarast. Vi gjer merksam på at du skal levere rapport til Hordaland fylkeskommune og Stord kommune, og bidra til kunnskapsdeling av funna i oppgåva.

*Utbetaling av stipendmidlane*

Midlane vert utbetalt over Hordaland fylkeskommune sitt lønssystem som trekkfritt stipend. Vi gjer merksam på at du bør oppbevare kvitteringar i tre år om det i etterkant skulle oppstå kontroll frå Skatteetaten om kva midlane er brukt til.

*Klage/innsyn i dokumenta*

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

*Kontaktperson/ar*

Kontaktperson i fylkeskommunen er Else-Marie B Aarø, Else-Marie.Aaro@hfk.no, mob.924 79 790.

Hordaland fylkeskommune ynskjer lukke til med gjennomføringa av mastergradoppgåva!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre  
næringsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*